



Kirkerådet
Postboks 799 Sentrum
0106 OSLO

Dato: 22.09.2020

Vår ref: 20/02735-3

Dykkar ref:

Møre bispedømmeråd - Høyrings svar "Frivillighet i Den norske kirke".

Møre bispedømmeråd gjorde dette vedtak i **53/20 Høyrings svar "Frivillighet i Den norske kirke"**

«Møre bispedømmeråd sluttar seg til høyringsuttalen slik den er formulert i saksutgreiinga, med dei momentet som kom fram i møte.»

Under står saksutgreiinga frå administrasjonen ved Møre bispedømme kontor. Moment som kom fram under handsaminga i bispedømmerådet er innarbeidd i teksten.

Innleiande kommentar

Det er ei glede å lese høyringsdokumentet sine innleiande teologiske refleksjonar omkring omgrepet. Når høyringsdokumentet tar utgangspunkt i det nytestamentlege biletet av treet og greinene og i Luther sin forståing av det «allmenne prestedømet», så blir det teikna et bilete av at 1) alle har ei kyrkjeleg teneste, 2) kyrkjelege tenester er avhengige av kvarandre, 3) Kyrkja er tenestene i funksjon og i samspel med kvarandre, og 4) at alle, uansett alder, stand, stilling, etnisitet, kjønn eller legning har ei likeverdige teneste i kyrkjelyden.

Denne teologiske refleksjonen set frivillighet inn i ein fundamental samanheng og gir retning og utgangspunkt for korleis ein lyt tenkje om frivillighet i ei luthersk kyrkje. Hurra!

Kva er dei viktigaste perspektiv i saka

1) Det er minst tre innsteg når ein talar om frivillighet i kyrkja. Er det for kyrkja si skuld, er det for den frivillige si skuld, eller er det for den eine oppgåva si skuld? Det er viktig å reflektere over desse tre perspektiva når ein talar om frivillighet i kyrkja. Ofte oppfattar vi det slik at kyrkja treng frivillige for kyrkja sin eigen del, og for det kyrkjelege arbeidet sin del. Og om ein tar utgangspunkt i lekamstanken frå høyringsdokumentet sin innleiingsdel, så er det sant. Kyrkja treng dei ulike lekamsdelane, kyrkja treng hender og føter, hjarte og hjerne slik at heile lekamen fungerer og verkar godt saman. Lekamen treng dei ulike lemene, og dei

ulike lemene utgjør til saman heile lekamen, som pustar og verkar, som i ei velfungerande kyrkje.

Det er eit perspektiv som alt for ofte likevel forsvinn i talen om dei frivillige i kyrkja. Det er at dei ulike lemene er skapt og utvikla til si særlege oppgåve. Dei ulike lemene treng gjere akkurat det som dei er designa for. Hjarta treng det hjarta kan, hendene treng det hendene kan. Om ikkje så sviktar dei seg sjølve, funksjonaliteten blir dårlegare og etter kvart så blir heile lekamen ramma. Dei forskjellige lemene treng vere i aktivitet for sin eigen del, for å oppretthalde funksjon og styrke. Slik talar vi for lite om at det einskilde lem treng utføre tenesta si, -for sin eigen del! For sin eigen del er det naudsynt at handa må brukast, lungene må puste, føtene må gå!

Det er ikkje så mange generasjonar sidan at dette såg annleis ut, då kyrkja og kyrkjelege leiarar hadde større frimot til å utfordre den einskilde til å ta i bruk evner og gåver som ein hadde del i. Vi trur at dette tapte frimotet fører til at fleire ikkje finn plassen sin i kyrkja, at fleire blir passive og til slutt usynlege når kyrkjelyden kjem saman. Kyrkja må forkynne og tale meir om at alle har ei teneste, og om at det å ha ei teneste er organisk og naturleg for alle.

2) Kyrkja er ein mangfaldig og samansett organisasjon. Like mangfaldig og samansett er dei frivillige tenestene. Frivillighet finn ein mest av på lokalt nivå i kyrkja. Sjølv om ein både på regionalt og sentralt nivå har fleire frivillighetstenester, ikkje minst i rådsorgana og i aukande grad elles, er desse nivåa først og fremst styrt og prega av profesjonelt tilsette fagmedarbeidarar.

Det er likevel på sentralt og regionalt nivå at dei ulike frivillige oppgåvene blir formulert. I fagplanane slår ein fast at det skal utviklast lokalt planverk. Kyrkjelydane skal/bør ha ei mengd med planar, gudstenesteutval, trusopplæringsutval, kulturutval, diakoniutval og fleire andre utval. I mange kyrkjelydar er desse utvala gode motorar for å utvikle kyrkjelyden, og utval som fremjar frivillig engasjement. Men sørgjeleg mange stader er utvala instrument for dei tilsette i kyrkjelyden. Det er mange gudstenesteutval som blir redusert til å lese teksten eller lage kyrkjekaffi. Det er svært mange trusopplæringsutval som lagar mat, som registrerar, som ryddar og vaskar opp, og som går til hende for tilsett trusopplæringsmedarbeidar. Medlemene i utvala får ikkje bruke seg sjølve, dei blir detaljstyrt og brukt som instrument for tilsett ressurs. Og i tillegg hender det ofte at tilsett ressurs sin informasjon kjem seint, er utydeleg og ufullstendig. Ein kan møte ein del utvalsmedlemer som hadde visjon og blick for arbeidet ein blei valt til, som står tilbake etter nokre år som litt frustrerte og oppgitte over at ein eigentleg ikkje har hatt bruk for deira ressurs i det kyrkjelege arbeidet.

I større grad må tilsette senke sin eigen «guard» og våge å sleppe frivillige til. Eigen yrkesbyrgskap, eigen profesjonalitet, eigen teologi, frykta for kva overordna vil seie er ofte så stor at ein ikkje vågar å sleppe andre til. Eller motsett, ein vågar ikkje å bli utfordra på det ein ikkje sjølv er sikker på, på fagleg grunnlag eller på teologiske stridsemne, så ein held involvering og dialog på avstand og vågar ikkje gå inn i slike rom/prosessar.

Og som eit resultat at tilsette set premissane og styrer, kjem den instrumentale frivillighet fort til syne i kyrkja. Visst må nokon vaske opp, registrere og selje billettar, men vi trur at desse oppgåvene kan identifiserast og gjennomførast på ein betre måte når frivillige får lov til å ta del i prosessane og vere med på å utvikle arbeidet. Når kyrkja utfordrar til frivillig teneste, så må ein i større grad invitere til organisk frivillighet.

3) Det er ein aukande samtale i kyrkja om fagplanane sin plass i kyrkjelydsarbeidet. Mange opplever at planarbeid, evalueringar og rapportering tar tid og plass som ein heller ville bruke til anna arbeid. Vidare opplever mange at fagplanane gir ubalanse i kyrkjelyden og gir prioritet til sektorar i arbeidet som fører til at anna arbeid ikkje blir identifisert eller får merksemd. Samstundes har det sentralkyrkjelege organ eit auka behov for statiske data som dokumenterer kyrkjeleg aktivitet og som måler kyrkjeleg arbeid. Slike data er viktige i det politiske arbeid og for å kome i posisjon, men fokuset på aktivitet og kvantitet er ein del

gonger uheldig og feilslått når ein skal ta temperaturen på det kyrkjelege arbeidet. Det er rom for å utvikle det statistiske arbeidet slik at det treff betre, at ein i større grad kan måle kvalitet enn kvantitet. Når i tillegg kyrkjemøtet sitt planverk og kyrkjerådet sine fokusområde skal vere styrande for lokalkyrkjelege planar, ser vi ofte at det kan bli spenningar og hindringar for utvikling av det dette arbeidet.

Arbeidet som er sett i gong med å forenkle det lokalkyrkjelege fagplanarbeidet er viktig. Vi trur at dette arbeidet kan opne opp for eit betre fokus på frivillighet og frivillig arbeid enn det eksisterande planverk oppmuntrar til.

4) Termen «use your talents» har kome inn gjennom misjonserfaringane frå Madagaskar og fornya mange sine tankar om frivillighet. Bak tenkinga om «use your talents» ligg kjensla av å ikkje lukkast gjennom omfattande planarbeid, målstyring og dokumenthaugar. I staden for å ta utgangspunkt i planane, tar ein utgangspunkt i den einskilde sine evner, gåver, interesser og innsikt. Landskapet som opnar seg er mangfaldig og ueinsarta, det er ei utfordring å dokumentere arbeidet og utvikle statistikk, men ein spør seg likevel om ikkje tenkinga til «use your talent» i større grad får einskildmennesket i kyrkjelyden til å skine og brenne meir enn det ser ut som plandokumenthaugen maktar. Og ser ein utover kyrkjelyden sitt virke og lyttar ein seg inn til gudstenesta sin lovsong, oppdagar ein tonar og fargar som ein ikkje har observert tidlegare.

Når kyrkjelyden i alt for stor grad bind kyrkjelydsarbeidet til dokument, organisasjonar og tradisjonar, kan dette føre til å fleire ikkje finn sin stad i fellesskapen og at menneske som har gåver og lyst til å vere ein del av mangfaldet, ikkje blir høyrte eller kjem i posisjon. Det er så mange «barrierar» i kyrkjelydane som hindrar frivillighet, fornying og rekruttering. Høyringsdokumentet nemner «intern kultur, internt stammespråk og språkbarrierar, uklare forventningar» og ein del andre faktorar som slike hindringar. Det er ei stor utfordring å invitere til frivillig innsats i kyrkjelyden gjennom «use your talents» i spenninga mellom eigarstrukturar, organisasjonslojalitet, planverk og i kyrkjelyden sitt behov for vekst og modning.

5) Fleire av dei kristne organisasjonane har målsetjingar om samarbeid med kyrkja. Dei har utvikla mykje godt materiell til bruk i trusopplæring, diakoni, undervisning og kyrkjelydsutvikling. Kyrkja og organisasjonane kan gi gjensidig styrke og legitimitet til kvarandre gjennom å bruke kvarandre sine ressursar. Samstundes bør ikkje tradisjon og historisk lojalitet stå i vegen for nytt engasjement og for frivillige med identitet i andre samanhengar.

Kyrkja sitt samfunnsoppdrag har også fått fornya fokus. Det er mange gode aktørar som inviterer kyrkja til engasjement og samarbeid, og det er mange områder der kyrkja treng spele saman med andre for å bli god. Kyrkja sitt engasjement er også breiare enn før. Mange stader har kyrkja engasjert seg innanfor i etiske spørsmål. Utan at kyrkja misser innhald eller at evangeliet taper si kraft, kan kyrkja søkje frivillig samarbeid med organisasjonar, verksemder og offentlege institusjonar. Samarbeid med nye/andre aktørar fornyar, utviklar og rekrutterer den einskilde til kyrkjeleg engasjement og fornyar kyrkjelyden sitt arbeid.

Kyrkja lyt meir offensivt rekruttere frå eit breiare grunnlag. Både til frivillig innsats og til å ta kyrkjeleg utdanning med sikte på framtidig jobb i kyrkja. Den norske kyrkja er meir mangfaldig enn det som ofte kjem til uttrykk. Folk frå ulike miljø og tradisjonar, med forskjellige erfaringar og med ulik kompetanse høyrer til i kyrkja og i større grad enn det vi ofte kan sjå, bør dette mangfaldet kome til uttrykk når livet i lokalkyrkjelyd og på nasjonalt nivå faldar seg ut.

6) Eit siste perspektiv i høyringssvaret er ein kommentar til høyringsdokumentet sine ord om «Frivillighetsledelse». Høyringsdokumentet drøftar tilhøvet mellom rekruttering og oppfølging/utrustning av frivillige. Dokumentet viser til dei vigsla tenestene sitt

instrukspålagte ansvar for å rekruttere, utruste og vegleie frivillige. I det daglege arbeidet får ofte denne del av tenesta lite merksemd. Når ein reknar ut stillingsstorleikar og nemner stillingane sine ulike gjeremål, hender det at normalinstruksen sitt fokus på ansvaret for dei frivillige forsvinn. Studiar viser i tillegg til at mange frivillige saknar oppfølging og utrustning til vidare teneste, noko som inviterer til å tenkje nytt og meir systematisk omkring vedlikehald av dei frivillige tenestene.

Høyringsdokumentet viser til at leiing i verdibaserte organisasjonar blir rekna som meir kompleks enn i andre organisasjonar. Kyrkja og i lokalkyrkjelyden er i stor grad ein verdibasert organisasjon, og mange har erfaring med at manglande og dårleg leiarskap har gjort sitt til at utfordrande situasjonar, interessemotsetningar, vanskelege samarbeidsrelasjonar og konflikt har fått utvikle seg til å bli til ei ulykke for dei som er involvert.

Råd og utval og kyrkjeleg tilsette bør setje rekruttering, oppfølging/utrustning av frivillige høgare på eigen dagsorden. I utvikling av kyrkjelyden sine arbeid må frivillige ha større plass og større fokus enn det vi ofte kan sjå. Særleg må oppfølging og utrustning av frivillige få meir merksemd. Lokalkyrkjelydane lyt utvikle forpliktande program for oppfølging av leiarar og frivillige. Frivillige som får bruke evner og anlegg blir trufaste og trygge medarbeidarar når dei får oppfølging og blir rekna med som kyrkjelyden sine ressursar.

Kva bør prioriterast i det vidare arbeidet

Møre bispedømeråd vil gjerne formulere desse prioriteringane i det vidare arbeid med frivillighet:

- 1) Halde fokus på den teologiske grunngevinga for frivillig engasjement i kyrkja
 - a. Invitere den einskilde til å ta i bruk eigne gåver, evner og ressursar i kyrkjelyden.
 - b. Den eine lemen verkar best i samhandling og funksjon med dei andre lemene.
 - c. Kyrkja er lemer som samvirkar i ein lekam
- 2) Fornye og forenkla planverk med tanke på å gi større rom for organisk frivillighet.
 - a. Utvikle kyrkjelydsplanar som er overordna sektorplanane.
 - b. Revidere statistikkarbeid og dokumentasjonspraksis (spørje dei rette spørsmåla)
- 3) Auka samhandling med andre
 - a. Med kyrkjelege organisasjonar
 - b. med lag og foreiningar lokalt
 - c. med det offentlege
- 4) Frivillighet som identifisert fagområde
 - a. Fokuserer på tilsette sitt ansvar ved å klargjere rolla tilsette har i møte med frivillige.
 - b. Stille krav om politiattest frå frivillige
 - c. Fokus på leiing, organisering og samhandling av frivillighet,
 - d. auka fokus på oppfølging og utrustning.
 - gi vegleiing om grensesetting og forebygge overgrep

Med helsing

Arvid Helle
leiar kyrkjefagavdelinga

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Kirkerådet

Postboks 799
Sentrum

0106 OSLO